



# **AVFALLSPLAN FOR KOMMUNALE HAMNER I STRANDA KOMMUNE.**

STRANDA HAMNEVESEN KF  
Stranda-Hellesylt-Geiranger.

## **Avfallsplan jfr. Forurensningsforskriftens kapittel 20.**

Sist godkjent av:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal 24.10 2018

## INNHALD

1 STRANDA HAMNEVESEN KF: .....	2
2 KONTAKTINFORMASJON: .....	2
3 KOMMUNEKART STRANDA KOMMUNE: .....	3
4 BAKGRUNN:.....	4
5 FØREMÅL:.....	4
6 VIRKEOMRÅDE: .....	4
7 ANSVAR OG ORGANISERING OG PLIKTER:.....	5
8 OMFANG: .....	5
9 VURDERING AV MOTTAKSANLEGG SETT I FORHOLD TIL KAI OG TRAFIKK:.....	6
10 TYPER OG MENGDER AVFALL: .....	6
11 HÅNDTERING AV AVFALL:.....	6
12 FARLEG AVFALL: .....	7
13 REGISTRERING: .....	7
14 ANNA BÅTTRAFIKK: .....	7
15 KOMMUNALE KAIER:.....	7
16 OVERSIKT OVER KAIER I GEIRANGER: .....	8
17 OVERSIKT OVER KAIER PÅ HELLESYLT:.....	9
18 OVERSIKT OVER KAIER PÅ STRANDA: .....	10
19 ANDRE MARINA/ SMÅBÅTHAMNER: .....	11
21 INFORMASJON OG RAPPORTERING: .....	12
22 AVVIK OG PROSEDYRE FOR RAPPORTERING AV PÅSTANDAR OM UTILSTREKKELEGE OG MANGELFULLE MOTTAKSANLEGG: .....	12
23 PROSEDYRAR FOR KONTINUERLEG SAMRÅD MED HAMNEBRUKARAR OG AVFALLSHANDTERARAR: .....	12
24 BEHOV FOR FRAMTIDA:.....	12
25 VEDLEGG: .....	13

## 1 STRANDA HAMNEVESEN KF:

Stranda Kommune har gitt Stranda Hamnevesen KF fullmakt til drift og forvaltning av sjøområdet i kommunen i medhald av Lov om hamner og farvatn, jf. Lov 17 april 2009 nr. 19, § 10. KOM 131/09 vedtak samrøystes 17.12 2009.

I 2018 er det no hamnesjef, driftsleiar, assisterande driftsleiar og eit styre med 7 styremedlemmar i Stranda Hamnevesen KF.

Stranda hamnevesen KF forvaltar og driftar all kommunal hamneinfrastruktur og kommunale kaier. Trafikktype er i hovudsak cruise/passasjer og bulk (asfalt/sand). Det er nokre få anløp med stykkgoods.

Skipstrafikken må betale avgifter og vederlag for å bruke hamneinfrastruktur og for bruk av kommunen sitt sjøområde.

## 2 KONTAKTINFORMASJON:

### Stranda hamnevesen KF:

- Hamnesjef Rita Berstad Maraak (mobil: 46411113)
- Driftsleiar Inge Hole (mobil: 46411131)
- Ass. driftsleiar William Shirima (mobil: 46411134)
- E-post: [hamnevesenet@stranda.kommune.no](mailto:hamnevesenet@stranda.kommune.no)

### **Adresse:**

Stranda hamnevesen KF , Øyna 13,6200 Stranda.

### **Besøksadresse:**

Geirangervegen 2, 6216 Geiranger

**Hamneansvarleg:** Rita Berstad Maraak (mobil: 46411113)

**Kontaktperson avfall:** Inge Hole (mobil: 46411131)


Vakttelefon Hellesylt: 91 78 46 99

Vakttelefon Geiranger: 99 10 20 79

Hellesylt cruisekai og cruiseterminal i Geiranger er ISPS-godkjent.(På/av anlegg)  
Hellesylt kai, Stranda kai og Geiranger kai er ikkje ISPS-godkjent.

### 3 KOMMUNEKART STRANDA KOMMUNE:

Stranda hamnevesen KF ( STHA ) sitt sjøområde følger kommunegrense.



#### **4 BAKGRUNN:**

EU-direktiv for mottaksordningar i hamner for skipsavfall (Direktiv 2000/59/EC) vart vedteke 27. november 2000, og trådte i kraft 28. desember 2000.

Direktivet omfattar reglar om plikt for hamner til å ha mottaksordningar for skipsavfall, deklarasjons- og leveringsplikt for skip og reglar om skipa si plikt til å betale avfallsgebyr. Basert på nemnte EU-direktiv fastsette Miljøverndepartementet 12. oktober 2003 – Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterester for skip (vidare "forskriften"). Forskrifta vart pr 1. juli 2004 ein del av kapittel 20 i Forurensningsforskriften (FOR-2004-06-01-931). Forskrifta sitt formål er å sikre etablering og drift av tilstrekkelige mottaksordningar for at avfall og lasterester frå skip vert levert til mottaksordningar i hamn.

#### **5 FØREMÅL:**

Føremålet med ein avfallsplan er å tilfredstille forskrifta sitt føremål om å verna om det ytre miljø ved å sikre iverksetjing og drift av tilfredsstillande mottaksordning for avfall og lasterestar frå skip, og sørge for at avfall og lasterestar frå skip vert levert vidare til godkjende anlegg for behandling. Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip gjeld:

- a) «alle norske og utanlandske skip, her under fiskefartøy, fritidsbåtar, krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som eies eller drives av den norske eller av en utenlandsk stat, og som anløper norsk hamn»
- b) «alle norske havner som normalt anløpes av skip som omfattes av bokstav a.»
- c) Avsnitt III Melding og levering av avfall og lasterester gjeld for norske skip som har anløp til hamn innanfor EØS-området.

Avfallsplanen er utarbeidd i medhold til dei krav som står i forskrifta sin del II – "Mottaksordningar i havner" § 20-6.

Krav til innhold i avfallsplanen er gitt i forskrifta sitt vedlegg I - "Krav til planer for mottak og håndtering av avfall i havn»

#### **6 VIRKEOMRÅDE:**

Avfallsplanen er gjeldande for alle kommunale kaier som er knytta til STHA, og gjelder for alle norske og utanlandske skip. Planen skal evaluerast, eventuelt reviderast og godkjennast av fylkesmannen minst kvart tredje år.

## 7 ANSVAR OG ORGANISERING OG PLIKTER:

STHA plikter å sørge for at avfall frå skip som har anløp til kommunale kaier vert tatt i mot og vidare handtert i samsvar til gjeldande forskrifter.

STHA kan nytte avtaler for handtering av avfall gjennom dei kommunale innkjøpsordningane. I tillegg kan vi bruke andre renovasjonsfirma til dømes for spesialavfall, olje og septik. Stranda kommune har i dag ei avtale med det interkommunale selskapet ÅRIM. Sidan det er sjeldan det er førespurnad om levering av avfall ,og då små mengder, er ikkje STHA avhengig av nokon anbudsprosess. STHA kan difor nytte andre godkjende renovasjonsselskap alt etter kva avfall som skal leverast.

### Renovasjonsselskap vi nyttar er:

<u>ÅRIM:</u>	Restavfall, matavfall, papir, plast og glas/metall.
<u>Franzefoss:</u>	Spesialavfall , olje, batteri, osv.
<u>Norva 24 Stryn :</u>	Septik
<u>Stranda Transport og Gienvinning (SGT):</u>	Restavfall, trevirke,

Skipsfører skal sørge for å melde inn mengde avfall, samt å sørge for at avfallet som vert levert er i samsvar til det som er meldt inn. Meldingsskjema for avfall må vere innsendt minst 24 timar på førehand om dei skal levere avfall.

Sjøfartsdirektoratet skal føre tilsyn med at skipa overheld pliktene sine.

**Stranda hamnevesen KF har ansvar for kommunale kaier i Stranda, Hellesylt og Geiranger, og som nemnt tidligare gjeld avfallsplanen for alle kommunale kaier i desse bygdene.**

Nr.	Namn	Gnr/ Bnr	Kommentar	
1	Stranda kai	52/168 og 169	Utplassering av containar ved behov	
2	Hellesylt kai	91/79	Utplassering av containar ved behov	
3	Hellesylt Cruisekai	91/174	Utplassering av containar ved behov	
4	Geiranger kai	114/10	Containarar for restavfall er utplassert	

## 8 OMFANG:

STHA har ansvar for all handtering av avfall frå båtar og skip til kommunale kaier i Stranda kommune sitt sjøområde.

Selskapa som driftar ferjer i sjøområdet har egne avtalar.(vedlagt)

Det har ikkje vore levert avfall frå cruiseskip i 2018 .Dei siste 5 åra har det vore levert restavfall ved 2 høve frå skip ved kai på Hellesylt. Årsak til få leveringar er at skipa anløper hamner som Ålesund, Bergen osv på veg til/frå Hellesylt, og leverer avfall/væske der. Transportkostnaden vert også stor ved levering på Hellesylt.

## **9 VURDERING AV MOTTAKSANLEGG SETT I FORHOLD TIL KAI OG TRAFIKK:**

Kommunen sine hamner/kaier vert trafikkert av cruiseskip, rutegående- og passasjerfarty, lastebåtar og småbåtar.

### **Cruise:**

Vi har om lag 200 anløp årleg av cruiseskip av ulik storleik i Geiranger. Det er ikkje etablert cruisekai i Geiranger, og cruiseskip nyttar seg derfor av oppankring og tendring eller Seawalk. Levering av avfall frå cruiseskip er difor ikkje aktuelt i Geiranger.

På Hellesylt er det om lag 120 cruiseanløp i året. Om lag 90 prosent av desse går til kai, medan dei resterande nyttar seg av tendring. Skipa som går til kai, har moglegheit for levering av avfall.

Med bakgrunn i type trafikk, cruiseskip som ankrar i Geiranger og kort liggetid ved Hellesylt Cruisekai, er det svært få førespurnadar og små volum. Det er difor ikkje utplassert faste containrar eller etablert faste mottak.

For handtering av restavfall frå cruiseskip er det inngått ein avtale med Stranda Gjenvinning og Transport (SGT) om handtering av avfallet. Rest- og matavfall vert transportert direkte til forbrenningsanlegg i Ålesund slik det står i unntaket til forskrift om forbod mot mottak av matavfall. SGT fører statistikk over mengde og type avfall som vert levert. Kaia er bemanna når cruiseskip ligg til kai.

Når skip melder ifrå om at dei ynskjer å levere avfall, vert det aktuelle renovatørselskapet kontakta og høveleg container plassert ved lasteluka på skipet.

## **10 TYPER OG MENGDER AVFALL:**

STHA tilbyr å ta imot alle typar avfall, då i samarbeid med våre leverandørar av avfallstjenester. Dersom skipa spør om å levere avfall som ikkje står i våre lister, så vert dette sjekka opp mot leverandør sine avfallstjenester og om dette er ein type avfall det er muleg å få levert.

## **11 HÅNDTERING AV AVFALL:**

STHA har ei avtale med renovasjonsselskapet ÅRIM, gjennom Stranda kommune. Vi nyttar andre godkjende renovasjonsselskap, alt etter kva avfall som skal leverast.

Det vil i kvart enkelt tilfelle bli plassert ut eigna container for dei forskjellige fraksjonane som er bestilt av skipet. Containerane vil bli fylt og tømt fortløpande, og siste container blir fjerna umiddelbart etter avgang. Organisk avfall blir transportert i godkjend, lukka container. I og med at dette er skip i utanriksfart, blir dette avfallet transportert direkte til forbrenning utan opphald. Containerane blir så reingjort etter bruk.

## 12 FARLEG AVFALL:

Ved førespurnad om levering av farleg avfall og oljeholdig avfall/væske blir Franzefoss kontakta. (avtale vedlagt)

Eigna container vil bli utplassert, eventuelt blir farleg avfall/væske henta medan skipet ligg til kai. Ved mottak av væsker vert eigna tankbilar nytta.

Franzefoss skriv og ut avfallsdeklarasjon på vegne av STHA og transporterer farleg avfall/oljeholdig væske til godkjent mottak hjå Franzefoss på Hareid.

## 13 REGISTRERING:

STHA nyttar sine avtalepartnare for registrering av alle vektorer, antal m<sup>3</sup> og antal tømingar av dei ulike fraksjonane. Statistikk og oversikt over dette blir lagra elektronisk og STHA har til ein kvar tid høve til å få desse utlevert.

## 14 ANNA BÅTTRAFIKK:

Reiarlag med fast tilhald i kommunen sitt sjøområde har eiga ordning for handtering av avfall. Dette gjeld både rutegående ferjer og passasjerbåtar. (sjå vedlegg) Dette omfattar omlag 3 til 5 fartøy (avhengig av sesong). Dei ulike båtane har høve til å levere restavfall, papp/papir og glas/metall i containerar utplassert av Stranda kommune på Hellesylt. (sjå oversikt side 11). Tøming av denne vert organisert av Stranda kommune/ÅRIM.

I Geiranger vert containerane tømt av ÅRIM og Tenden miljø AS i samsvar med avtaler.

Dei ulike reiarlaga er:

- The Fjords DA
- Geiranger Fjordservice AS
- Fjord 1

## 15 KOMMUNALE KAIER:

Stad	Kai	Bruk og reiarlag
Geiranger	Geiranger kai	Fjordcruise-Geiranger Fjordservice AS
Geiranger	Geiranger cruiseterminal	For i landsetjing av passasjerar frå cruiseskip
Geiranger	Geiranger brygge	RIB- Fjordguiding DA
Hellesylt	Cruisekai	Kai for cruiseskip / Asfalt-/sandbåtar
Hellesylt	Hellesylt kai	Asfalt-/sandbåtar.
Stranda	Stranda kai	Asfalt-/sandbåtar
Stranda	Stranda brygge	Gjestebrygge –Stranda hamnevesen




**16 OVERSIKT OVER KAIER I GEIRANGER:**



## 17 OVERSIKT OVER KAIER PÅ HELLESYLT:



## 18 OVERSIKT OVER KAIER PÅ STRANDA:



## 19 ANDRE MARINA/ SMÅBÅTHAMNER:

I Stranda kommune har vi i tillegg Geirangerfjorden Marina AS og 3 småbåthamner som er knytt til foreningar. Alle desse tilbyr gjesteplassar.

Anlegg:	Ansvarleg:	Plassar:	Gjeste plassar:	Restavfall:	Kildesortering :	Informasjon:
<b>Geirangerfjorden Marina AS</b>	Rune Maråk Mob:41780070	25	25	Ja	Nei	Avfallsbeholdarar plassert ved marinaen. 2 restavfall a 600 l + 1 stk glas/metall. Blir tømt 2 ganger pr.veke av Tenden Miljø AS. Olje/batteri blir eventuelt oppbevart i containar til det blir henta av ÅRIM.
<b>Stranda småbåtlag</b>	Sindre Berge Mob:91761818	100	5	Ja	Nei	Behaldar 200 liter for restavfall ved hamna for gjestar. Avtale om tøming gjennom SGT. For medlemmane i Småbåtlaget er det i regelverk skreve at kvar person har ansvar for alt eige avfall , og eventuell levering på miljøstasjon på Stranda.
<b>Hellesylt Småbåthamn.</b>	Frank Bonsaksen Mob:91395403	50	4	Ja	Nei	4 Behaldar for restavfall ved hamna. Olje og anna spesialavfall tek kvar einskild båteigar seg av sjølv
<b>Geiranger Småbåthamn</b>	Arnfinn Westerås Mob:93264497					

STHA kan og vere behjelpelege med mottak av førehandsmelde behov om levering av avfall på desse anlegga.

## 20 SYSTEM FOR GEBYR:

I samsvar til Forskrift om begrensning av forurensing (FOR 2004-06-01 nr 931) har STHA etablert mottaksordning for avfall og lasterester frå skip. Omkostningar forbundet med mottak og vidare handtering av avfall frå skip skal dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamnene.

STHA innfører gebyr for handtering av avfall i 2019.

Skip som har levert avfall tidlegare har betalt faktiske kostnadar for leige av container, frakt og deponering av avfall etter avtale.

## 21 INFORMASJON OG RAPPORTERING:

**Informasjon** om mottaksordninga og gebyrsystemet vert lagt ut på heimesida til STHA, eller det vert opplyst om dette i samband med anløpsmeldinga. Renovatør fører rapport over mengda avfall frå cruiseskipa.

**Opplæring** vert sikra gjennom nødvendige instruksar og informasjon til brukarar av kaianlegga, og ved å ha gode rutinar for handtering av avfall i samarbeid med renovatør.

## 22 AVVIK OG PROSEDYRE FOR RAPPORTERING AV PÅSTANDAR OM UTILSTREKKELEGE OG MANGELFULLE MOTTAKSANLEGG:

For å ivareta hamna si plikt, jfr. gjeldande forskrift, og for å betra standarden på mottaksordninga, skal det leggast til rette for avviksrapportering. Avviksskjema ligg som vedlegg. Avviksskjema skal sendast til: [hamnevesenet@stranda.kommune.no](mailto:hamnevesenet@stranda.kommune.no).

Ansvarleg person i hamna skal journalføre mottak og skal innan 3 veker gje tilbakemelding om korleis avviket er løyst. Dersom vedkomande som melder i frå om avviket ikkje er nøgd med tilbakemeldinga og løysninga, kan denne påklagast til Fylkesmann.

## 23 PROSEDYRAR FOR KONTINUERLEG SAMRÅD MED HAMNEBRUKARAR OG AVFALLSHANDTERARAR:

### Hamnebrukarane:

Stranda hamnevesen KF vil etablere kontakt med dei ulike brukarane for å få kartlagt behov. Dette for å kartlegge behova til dei ulike brukarane. Dette omhandlar blant anna kva type avfall det er behov for å levere og mengde. STHA oppfordrar brukarane til to-vegs kommunikasjon. Dette for å unngå påstandar om utilstrekkeleg mottaksanlegg.

## 24 BEHOV FOR FRAMTIDA:

Stranda hamnevesen vil arbeide for å finne gode løysingar som til ein kvar tid er tilpassa gjeldande behov. I samarbeid med Stranda kommune og dei andre aktørane i kommunen, vil ein arbeide for å finne dei best moglege løysningane for brukarane av kaianlegga. Ein vil i størst mogeleg grad lytte til brukaren og i dei høve hamna ikkje oppfyller pliktene sine, nytta seg av avviksrapportering.

Stranda kommune har i samarbeid med Stranda hamnevesen KF søkt om skjønnsmidlar i samband med forstudie og prosjektering som gjeld etablering av mottaksanlegg for kloakk frå skip i Geiranger og/eller på Hellesylt. Søknad frå Stranda Kommune er vedlagt.

**25 VEDLEGG:**

- 1: Oversikt over hamner i Stranda kommune
- 2: Avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold
- 3: Forpliktelseserklæring Stranda Gjenvinning og Transport
- 4: The Fjords- Fjord 1 Avfallsplan- oppslag
- 5: The Fjords- Fjord 1 Utfylling av deklarasjon for farleg avfall
- 6: The Fjords- Fjord 1 Prosedyre for behandling av avfall
- 7: The Fjords- Fjord 1 Behandling av farleg avfall
- 8: The Fjords- Fjord 1 MAL, Oversikt over innhald i spesialcontainer på land
- 9: Stranda kommune –søknad om skjønsmidler
- 10: Franzefoss-signert samarbeidsavtale om avfallshåndtering.